

Noregs vassdrags- og energidirektorat

31.03.24

Høyringsfråsegn vilkårsrevisjon Aurlandsvassdraget (saknummer 201400584)

Som Noregs største friluftslivsorganisasjon har Den Norske Turistforening (DNT) eit stort ansvar for å bidra til å ivareta friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Intakt natur og velfungerande økosystemtenester er grunnlaget for gode naturopplevingar for oss og framtidige generasjonar. Naturforvaltning er difor ein vesentleg del av DNT si kjerneverksemd. DNT sitt arbeid mot tap av natur og nedbygging av viktige natur-, kultur-, og friluftslivsverdiar er forankra både i vår formålsparagraf, og i vår rettleiar for natur, kulturarv og miljø.

Overordna innspel – samfunnsnyttan i å prioritere natur og friluftsliv

DNT vil innleia med å minna om at «hovedformålet med en revisjon vil være å bedre miljøforholdene i tidligere regulerte vassdrag»¹. Vidare vil DNT understreka at friluftsliv og naturmangfald representerer store verdiar for enkeltmenneske og samfunn, og bør difor verte vektlagt i langt større grad enn det som har vore tilfelle i samfunnsplanlegging – særleg innanfor energifeltet. DNT vil her kort grunngje kvifor ivaretaking av natur og friluftsliv må prioriterast i vilkårsrevisjonen, trass i at det endå er vanskeleg å setje klare tal på desse verdiane.

Rapporten frå FN sitt naturpanel (IPBES)² i 2019 syner at me står overfor ei global naturkrise, der arealinngrep og medfølande habitatødeleggingar har vore den viktigaste drivaren. Noreg har, gjennom den nyleg underskrivne Montreal-avtalen, forplikta seg til å vere med på verne 30% av

¹ https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/oed/2012-0606_retningslinjer_for_revisjon_25mai_siste.pdf (s.6)

² IPBES (2019): Global assessment report on biodiversity and ecosystem services of the Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services. E. S. Brondizio, J. Settele, S. Díaz, and H. T. Ngo (editors). IPBES secretariat, Bonn, Germany. 1148 pages. <https://doi.org/10.5281/zenodo.3831673>

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



DNT Sogn og Fjordane



naturen, restaurere 30% av den naturen me alt har bygg ned, og sikre at all framtidig arealforvaltning vert berekraftig. Vilårsrevisjonar er naturrestaurering, og i denne samanheng er det viktig at NVE nyttar høve til å gjere restaureringar i eit sterkt skada vassdrag. Med minstevassføringar og habitatforbetrande tiltak kan ein skapa betre levekår for dei artane som er tilknytt Aurlandsvassdraget, og ein kan tilføra viktige kvalitetar for friluftslivet.

Friluftsliv er ein viktig del av livet til mange menneske. Det er vår medlemsmasse med å synleggjere, og praktisk talt alle nordmenn (98%) opplyser at dei utøver friluftsliv i løpet av eit år³. Kva den enkelte får ut av friluftslivet varierer, men ein kan leggja til grunn at det er knytt til «opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse». I eit samfunnsøkonomisk perspektiv er helseeffektane⁵ av friluftslivet spesielt viktig. Naturopplevingar er av betydning for den psykiske helsa⁶, noko som gjer friluftslivet, med sin kombinasjon av fysisk aktivitet og naturoppleving, spesielt viktig for folkehelsa. Eit fungerande økosystem med levande skogar, fjell, elvar og vatn er føresetnaden for å skapa gode naturopplevingar, og ivaretaking og restaurering av natur er difor viktig for friluftslivet sin eigenverdi og for folkehelsa.

Natur og friluftsliv har også stor verdi for turistnæringa. *Stortingsmelding 19 (2016–2017) Opplev Norge – unikt og eventyrlig* legg til grunn at: «Natur og utmark er kjernen i det norske reiselivsproduktet. Norges særegne natur gir oss et komparativt fortrinn og et stort potensial for økonomisk verdiskaping og næringsutvikling»⁷. Potensialet for økonomisk verdiskaping knytt til naturen i og ved Aurlandsvassdraget er tvillaust stort, med kombinasjonen av jakt, fiske, betjente og ubetjente DNT-hytter, og internasjonalt kjende vandreruter.

Vestlandet har i tillegg alt fått, og vil få eit betydeleg våtare klima. På landsbasis har klimaendringane gjeve oss ein auke i energitilsig tilsvarande 10TWh sidan 60-talet, og dette er venta å auke vidare i tiåra som kjem.

NVE⁸ har vist at vasskraftverka i Noreg, som følge av endra klima, har hatt 9TWh produksjonsauke sidan perioden då kraftverka i Aurland vart bygga. Vidare syner NVE at ein kan venta 8TWh auka produksjon i åra fram mot 2100. Auken kan ventast å vera større der ein har god magasinkapasitet.

³ Håvard Bergesen Dalen og Madeleine Schlyter Oppøyen (2023). *Friluftsliv i Norge – Status og historisk utvikling*. SSB-rapport 2023/31, s.18.

⁴ St.mld. 18 (2015-2016), s.10

⁵ Antyda utan kausale konklusjonar i Håvard Bergesen Dalen og Madeleine Schlyter Oppøyen (2023). *Friluftsliv i Norge – Status og historisk utvikling*. SSB-rapport 2023/31, s.81-93.

⁶ Miløverndepartementet. *Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse Rapport fra det nordiske miljøprosjektet "Friluftsliv og psykisk helse"*, s.70-79.

⁷ S.53

⁸ Rapport nr 50-2019

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



DNT Sogn og Fjordane



DNT meiner difor NVE må sjå krafttapet frå auka minstevasføring i relasjon til kraftgevinsten som kjem av klimaendringar. Som ein konsekvens av dette meiner DNT at NVE må sørge for at ein betydeleg del av den auka nedbøren må komme naturen til gode, gjennom auka vassføring i elvene.

Friluftslivsaktivitet i området

Store delar av reguleringsområdet er verdsette friluftslivsområde med verdi «viktig friluftslivsområde» og «svært viktig friluftslivsområde».⁹ I området er det eit stort og viktig stinettverk og nettverk av skiløyper som DNT-foreiningar vedlikeheld og merkar. Rutenettet er knytt mot Hallingskeid og Finse i sør, og vidare mot Hemsedalsfjellet og Filefjell i nord. Turen gjennom Aurlandsdalen er særmerkt, og er ein av våre [Historiske vandreruter](#). Ruta går igjennom sjeldan vakre og ville dalføre, med tilhøyrande høgfjell og rike beiter for bufe og villrein. Dette er godt skildra i revisjonsdokumentet.

I området finn ein også ei rekke DNT-hytter.

Aurlandsdalen Turisthytte er ei betjent hytte som ligg i hjarta av Aurlandsdalen. Hytta har tradisjonar som går godt over 100 år tilbake i tid, og vart starta som skysstasjon i 1894 med støtte frå DNT. Hytta er eit utmerka utgangspunkt for å gå Aurlandsdalen eller fjella i området og er naturleg del av turen Finse – Geiteryggen – Aurland (Vassbygdi). Hytta har 117 senger, og har åpent i sommerhalvåret, frå slutten av mai til ut september.

Kongshelleren som ligg ved Kongshellervatnet vart opna i 1980. Hytta er sjølvbetent, med 12 sengeplassar. Med ruter vidare i fleire retningar er den eit viktig knutepunkt for ferdsel i Skarvheimen. Hytta er open frå midten av februar til midt i oktober.

Geiterygghytta ligg i 1224 meters høgde midt i Skarvheimen. DNT har eit svært godt utbygd rutenett i området. Geiterygghytta, opna så tidleg som i 1914, er eit viktig knutepunkt for rutene frå Hol, Aurland, Finse og Hallingskeid. Hytta er betjent og har 88 senger. Hytta er open frå 1.mars-1 mai, og i sommerhalvåret frå om lag medio juni til medio september.

Lungsdalshytta ligg ved Lungsdalsvatn, like aust for Aurlandsvassdraget. Hytta er betent med 52 sengeplassar. Hytta er eit viktig punkt om ein skal innover i Skarvheimen frå aust, eller nord. Mange sluttar også turen her når ein kjem sørfrå. Hytta er open mesteparten av året, frå 15.02. til 15.10.

⁹ Miljøstatus – friluftsområder kartlagt og verdsatt. Tilgjengeleg frå:
<https://miljoatlas.miljodirektoratet.no/KlientFull.htm>

Kommentarar til revisjonsdokumentet

Vassføringar og habitatforbetringar i elva

DNT meiner NVE må prioritera å gje minstevassføringar som gjev betra levevilkår for fisk i dei betrørte elvestrekka, og som gjev betre vilkår for artsmangfald i og langs elva.

Naturmangfaldet har ein verdi i seg sjølv. I tillegg har artsmangfald stor betydning for menneske som søker naturopplevingar og vil driva hausting. DNT vil difor støtta høyringsfråsegna frå aktørar som har fiske og biologisk mangfald som spesialfelt (m.a. NJFF og Aurland Elveeigarlag) og vil trekka fram følgjande tiltak:

- Auka minstevassføring i Aurlandselva i tråd med tilrådingane frå elveeigarlaget.
- Betra temperaturløysing for fisk i elva.
- Minstevassføring i Vassbygdelva.
- Minstevassføring i Midjeelva saman med utbetringar av elveløpet.
- Vurdering av korleis auka vassføring i heile reguleringsområdet kan betre tilhøva for sjeldne artar og naturtypar som bekkekløfter og fossesprutsonar.

Vidare meiner DNT at det må gjerast ei grundigare vurdering av auka vassføring frå Vetlebotnvatn. Som revisjonsdokumentet peiker på, er det store friluftslivs- og landskapsverdiar i området. Her er elva eit viktig element, og landskapsopplevinga er avhengig av at det er minstevassføringar. På sommarstid er høve til fiske, bading, og opplevinga av frodige landskap, fossesprøyt og rennande vatn viktig for ferdsla i området. Klimaendringane vil truleg føra til lengre tørre periodar på sommarhalvåret, i turistsesongen, og minstevassføringa vil verte viktigare i ein situasjon med færre nedbørsrike periodar sommarstid. DNT meiner landskapsomsyn må ivaretakast på best mogleg vis i eit område som er av så høg verdi, og ber NVE vurderer å løyve eit større vasslepp enn det som er tilfelle i dag.

Regulanten meiner effekten av auka vasslepp på 1m³/s frå Vetlebotnvatn vil ha relativt lite å seia for vassføringa nedstraums Østerbø, og meiner samstundes denne auka vassføringa ikkje vil ha noko monnaleg effekt for artar knytt til vassdraget. Regulanten meiner difor krafttapet, på om lag 0,7% av total produksjon, ikkje kan forsvarast. DNT meiner desse konklusjonane må drøftast grundigare. Ein auke i vassføringa på over 20% langs den historiske vandrerruta, vil merkast, og det er ein svakheit i revisjonsdokumentet at det ikkje er gjort nokon visualiseringar som kan gje grunnlag for å vurderer desse endringane. DNT meiner auka minstevassføring frå Vetlebotn vil gje auka verdi til naturopplevingane i Aurlandsdalen, og ber om at det må framleggast visualiseringar som syner effekten av ein auke i slepp på både 1 og 2m³/s i tørre periodar. DNT meiner også at påstandane

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



DNT Sogn og Fjordane



regulanten framset om at dette auka vassleppet ikkje vil gje biologiske gevinstar må vurderast kritisk, drøftast i den vidare sakshandsaminga. DNT vil også at det vert vurdert om eit auka slepp frå Vetlebotn kan vera med å løysa behovet for auka minstevassføring sommarstid i Vassbygdelva.

Magasinrestriksjonar

Magasina i Aurlandsreguleringa har, som andre reguleringar elles i landet, ført til store endringar i fjellandskapet. Som ein følge av dette har trekkrutene til villreinen vorte sterkt redusert i heile Sør-Noreg, noko som har vore ein medverkande årsak til at villreinen er raudlista, at den jamt over har fått klassifisering «dårleg tilstand», og at det no vert jobba med planar for å betra vilkåra for denne arten. NVE må difor vurderer om ei heving av HRV for Nyhellervatn vil vere til skade for villreinen ved å gjera det vanskelegare for villrein å passera ved Kongshellernuten.

Oppdemminga av magasina har også påverka på menneskeleg ferdsel og friluftslivsbruk. I området er det populært å fiske i fjellvatna, og det er viktig at tilkomst og moglegheit til fiske vert ivareteke. Difor meiner DNT ein må vera varsam med å endra sommarvannstand i Vetlebotnvatn på eit vis som vil råka dei som fiskar i vatnet.

Endring av sommarvannstand i Vestredalsmagasinet kan også påverke mogelegheitene for fiske, og DNT meiner det bør setjast vilkår som gjer at tilhøva for fiske i vatnet vert ivareteke best mogleg.

Andre tiltak

DNT vil oppmoda om at vilkårsrevisjonen best mogeleg legg til rette for å gjenoppretta og styrka villreintrekka. Vidare må det gjennom revisjonen sikrast at det vert sett av midlar i eit villreinfond, som kan nyttast breitt til tiltak for å betra tilhøva for reinen. Nokre av trekkrutene som no er neddemma kan kanskje gjenopprettast ved å laga landbruer og samtidig gjere endringar i DNT-tilbodet. I så fall er den frivillige organisasjonen DNT avhengig av betydelege økonomiske midlar, noko eit større villreinfond kan bidra til.

Islagte vatn er ferdselsruter som er viktige å ta omsyn til når magasinmanøvrering skal vurderast. I framtida, med eit varmare klima, kan isen i på dei regulerte fjellvatna verte utrygge. Difor bør regulanten, ved trong, kunne påleggast å halde oppsyn med og merka isen i periodar med stor ferdsel. DNT ber NVE presisera om dette kan løysast gjennom standardvilkåra.

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



DNT Sogn og Fjordane



O/U prosjekt

DNT meiner vassdragsnaturen i Noreg er så sterkt påverka at ein må vera varsam med reine utvidingar. Dei få bekkene i området som renn naturleg, bidreg til å oppretthalda både landskapselement og ein viss variasjon i vassføringa i det regulerte vassdraget. DNT tek det for gitt at nye prosjekt vert handsama på vanleg vis i konsesjonssystemet, og vil uttala seg spesifikt til slike prosjekt dersom det kjem på høyring.

Då omtale av moglege O/U-prosjekt er ein del av revisjonsprosessen, håper DNT at NVE og regulanten kan vera med å opplysa det offentlege ordskiftet med kunnskap om kva tekniske moglegheiter som finst for opprusting av vasskraftverket. Opprusting av vasskraft er noko det er brei politisk semje om, og eit viktig spørsmål som bør kunne omtalast i revisjonssaker er kva teknisk opprustingspotensiale som er til stades, og kva av dette potensialet er lønnsamt/ ikkje-lønnsamt. Etter det DNT kjenner til vil det kunne eksistere potensiale for reduksjonar i falltap som ikkje vert realisert grunna for høge kostnader.

DNT vil på det sterkaste oppmode NVE om å irettesetje Hafslund Eco når dei omtaler utbyggingar i verna vassdrag som moglege O/U-prosjekt. Verneplan for vassdrag må respekterast av aktørar som er underlagt NVE si sakshandsaming, og dette bør direktoratet vera tydeleg på.

Med helsing

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag

Siren Juliussen
Rådgjevar, naturforvaltning
Den Norske Turistforening

Dag Olav Brækkan
Ruteansvarlig marka og naturforvalter
DNT Oslo og Omegn

Hanne Bruaas
Organisasjonssektretær
DNT Sogn og Fjordane